



Innst. S. nr. 71

(2003-2004)

Innstilling til Stortinget frå næringskomiteen

St.prp. nr. 18 (2003-2004)

Innstilling frå næringskomiteen om endringar av løyvingar på statsbudsjettet 2003 under Nærings- og handelsdepartementet

Til Stortinget

SAMANDRAG

I proposisjonen legg Nærings- og handelsdepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet for 2003.

Kap. 900 Nærings- og handelsdepartementet (jf. kap. 3900)

Det er gitt ei samla løyving på 16,9 mill. kroner til dekking av kontingent for deltaking i dei internasjonale organisasjonane som vert handsama av Nærings- og handelsdepartementet. Det ligg an til at dei samla kontingentinnbetalingane blir lågare enn løyvinga. På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å redusere løyvinga under kap. 900 post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar med 2 mill. kroner, frå 16,9 til 14,9 mill. kroner.

Kap. 914 Spesielle IT-tiltak

Nærings- og handelsdepartementet har løyving til utgreiingsprosjekt under kap. 900 post 21 (vanlege prosjekt) og ei særskilt løyving for prosjekt som gjeld IT-tiltak under kap. 914 post 22 Samordning av IT-politikken. Desse løyvingane skal dekke Nærings- og handelsdepartementet sine utgifter til gjennomføring av prosjekta. Dei fleste prosjekta er "reine" NHD-prosjekt, men Nærings- og handelsdepartementet har i tillegg ansvaret for å samordne nokre fellesprosjekt på vegne av fleire departement.

Det foreslås oppretta meirinntektsfullmakter for å løyse utgifts- og inntektsføringa frå eksterne deltakarar i slike fellesprosjekt som Nærings- og handelsdeparte-

mentet samordnar det økonomiske oppgjeret for. I tråd med dette gjerast eit framlegg om samtykke til å overskride løyvinga under kap. 900 post 21, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3900 post 2 og om overskriding av løyvinga under kap. 914 post 22 mot tilsvarende meirinntekt under nytt kap. 3914 post 1, jf. Forslag til vedtak II.

Kap. 901 Styret for det industrielle rettsvern (Patentstyret) (jf. kap. 3901)

SANT-prosjektet i Patentstyret (Sakshandsaming med bruk av Ny Teknologi) er blitt forseinka. Etter etaten sin siste plan skal det nye elektroniske sakshandsamingssystemet vera operativt frå nyttår 2004.

Patentstyret og leverandøren har vorte samde om denne løysinga:

- leverandøren betalar 10 mill. kroner i dagbøter og anna kompensasjon for forseinkinga til Patentstyret
- Patentstyret betalar 7,25 mill. kroner for retten til kjeldekoden

Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 901 post 1 Driftsutgifter med 7,25 mill. kroner frå 177,4 mill. kroner til 184,65 mill. kroner mot meirinntekt på 10 mill. kroner under kap. 3901 ny post 6. Nærings- og handelsdepartementet gjer vidare framlegg om å auke kap. 901 post 1 Driftsutgifter, med 7,25 mill. kroner mot meirinntekt på 10 mill. kroner under kap. 3901 ny post 6 Ymse inntekter.

Kap. 922 Norsk Romsenter (jf. kap. 3922)

Det er lagt til grunn at den delen av løyvinga til Norsk Romsenter som gjeld tilskot til ESA (European Space Agency) skal justerast dersom valutakursen på Euro har endra seg i budsjettåret i høve til den kursen som vart lagt til grunn for saldert budsjett. Ut frå dette

er det grunnlag for å redusere løyvinga under kap. 922 post 70 Tilskot med 2,8 mill. kroner, frå 252,3 til 249,5 mill. kroner.

Kap. 924 Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram

Det vart innført eit nytt kontingentbasert budsjetteringssystem for EU sitt rammeprogram for forskning og teknologi for 2003. Det endelege kravet om norsk nettokontingent for deltaking i rammeprogrammet for forskning og teknologi i 2003 utgjør i overkant av 456,9 mill. kroner. Det er om lag 10,4 mill. kroner over disponibelt budsjettbeløp (om lag 446,5 mill. kroner i løyving og overførte midlar). På denne bakgrunnen gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å auke løyvinga under kap. 924 post 71 med 10,4 mill. kroner, frå 247 til 257,4 mill. kroner.

Kap. 935 Internasjonale investeringstiltak

Dei årlege løyvingane til Den europeiske bank for gjenoppbygging og utvikling (EBRD) skal justerast dersom Eurokursen har endra seg i høve til den kursen som vart lagt til grunn i saldert budsjett. På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å auke løyvinga under kap. 935 post 92 Innskot i EBRD med 0,47 mill. kroner, frå 27,35 til 27,82 mill. kroner.

Kap. 940 (nytt) Verdal kommune

Daverande Industridepartementet gjorde i 1961 ein avtale med Verdal kommune/Verdal Hamnevesen om lån på ca. 9,9 mill. kroner til bygging av hamn og kai på Verdalsøra. Nærings- og handelsdepartementet ser ikkje grunnlag til å oppretthalde lånet lenger og har vore i dialog med Verdal kommune for å finne ei løysing. Etter ei samla vurdering av mellom anna låneavtalen, lengd på nedbetalingstida og kommunen sin økonomi er departementet og kommunen einige om å tilrå ei løysing som inneber at kommunen betaler inn resterande del av lån X innan utgangen av 2003, medan staten på si side slettar lån Y. På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å løyve 4,97 mill. kroner som tilskot til avskrivning av delar av lånet til Verdal kommune under nytt kap. 940 post 70 Tilskot til avskrivning av lån på statsbudsjettet for 2003.

Kap. 950 Forvaltning av statleg eigarskap (jf. kap. 3950 og 5656)

Over statsbudsjettet for 2003 er det løyvd 11 mill. kroner til dekking av transaksjonskostnader og fagleg bistand i samband med aksjesal i selskap under NHD si forvaltning. I tillegg vart det overført løyvingar frå 2002 med nær 24,5 mill. kroner. Samla kostnader knytt til aksjesal/eigartransaksjonar og eigarmessige vurderingar og VPS-gebyr vil bli i overkant av 50 mill. kroner for 2003 (rekneskapsførte og påløpte utgifter). På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å auke løyvinga under kap. 950 post 21 Spesielle driftsutgifter med 15 mill. kroner, frå 11 til 26 mill. kroner på statsbudsjettet for 2003.

Post 95 Aksjekapital Argentum AS

Gjennom handsaminga av Innst. S. nr. 260 (2002-2003) gjorde Stortinget vedtak om at eigarskapet i Argentum skulle overførast til Nærings- og handelsdepartementet. For å formalisere overføringa løyvd Stortinget 2,45 mrd. kroner for 2003 over kap. 950 ny post 95. Vidare vart det under inntektskapitla til SND og SIVA oppretta nye inntektspostar på statsbudsjettet knytt til innskotskapitalen, begge på 1,225 mrd. kroner, for å redusere SND og SIVA sine eigarpartar til 0.

SIVA er organisert som eit statsforetak, og overføringa av selskapet sin eigarpart i Argentum må skje i samsvar med føresegnene i statsforetakslova. Det er knytt problemstillingar til overføringa både med omsyn til selskapsrett, rekneskapsrett og skatterett, og det har vore nødvendig å vurdere desse spørsmåla mellom anna i lys av alternative framgangsmåtar for overføringa. SIVA vil på denne bakgrunn først kunne overføre sin eigarpart i Argentum til departementet på nyåret 2004.

Nærings- og handelsdepartementet gjer difor framlegg om at den delen av dei vedtekte løyvingane for 2003 som gjeld overføringa av eigarskapet til SIVA sin part i Argentum, vert reversert og at midlane vert løyvd på nytt i budsjettet for 2004, jf. framlegg om det i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2003-2004). Vidare gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om at løyvinga for 2003 under kap. 950 post 95 vert redusert med 1 225 mill. kroner, frå 2 450 til 1 225 mill. kroner.

Post 96 (ny) Aksjar i Venturefondet AS

Under kap. 3950 post 90 er det gjort nærare greie for salet av SND Invest AS. Som ein del av oppgjeret for salet overtok Nærings- og handelsdepartementet aksjar til ein verdi av 113,1 mill. kroner i Venturefondet AS. Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om å løyve 113,1 mill. kroner under kap. 950 ny post 96 Aksjar i Venturefondet AS på statsbudsjettet for 2003.

Kap. 957 (nytt) Grødegaard AS

Ved Stortinget si handsaming av St.prp. nr. 63 og Innst. S. nr. 255 (2001-2002) i juni 2002 fekk Nærings- og handelsdepartementet fullmakt til å selje 100 pst. av aksjane i Grødegaard AS. På ordinær generalforsamling i Grødegaard AS i mai 2003 vedtok generalforsamlinga å skrive ned aksjekapitalen med 24 mill. kroner, frå 30 til 6 mill. kroner. ISS Norge AS teikna seg for vel 2,7 mill. aksjar à kr 2 til teikningskurs på kr 8,66 pr. aksje, totalt 24 mill. kroner. På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å løyve 24 mill. kroner til nedskrivning av aksjekapital i selskapet under nytt kap. 957 post 90 Avskrivning av aksjekapital på statsbudsjettet for 2003.

Kap. 2420 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (jf. kap. 5320 og 5620)

a) Dekking av tap på lån

SND har hatt større tap på alle sine utlansordningar i 2002 og første halvår 2003 enn åra før. Regjeringa gjer framlegg om at SND får tilført i alt 212 mill. kroner fordelt med 100 mill. kroner til den landsdekkande risi-

kolåneordninga (over Nærings- og handelsdepartementet sitt budsjett), 50 mill. kroner til den distriktsretta risikolåneordninga (over Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett), 35 mill. kroner til tapsfondet for miljølåneordninga (over Miljøverndepartementet sitt budsjett) og 27 mill. kroner til styrking av eigenkapitalen under lågrisikolåneordninga (over Nærings- og handelsdepartementet sitt budsjett). På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å auke løyvinga under kap. 2420 post 55 Landsdekkende inoasjonsordning, fond med 100 mill. kroner til å dekke tap på den landsdekkande risikolåneordninga. Løyving for å dekke tap på lågrisikolåneordninga er fremma på ny post 76 under.

b) Garantivedtak

Ved handsaminga av Innst. S. nr. 260 for (2002-2003) gjorde Stortinget vedtak om ei tilleggsloyving under kap. 2420 post 55 der 50 mill. kroner vart øyremerkte til tapsfond for garantiar til driftskreditt i fiskerinæringa. Det vart ikkje fatta noko vedtak om ei garantifullmakt i samband med tilleggsloyvinga. Garantiane kan handsamast innanfor SND si garantiordning for lån til realinvesteringar og driftskapital. For å gjere det mogleg å utnytte ordninga vart SND si garantiramme gjennom ein kgl. res. av 12. september 2003 auka med 200 mill. kroner øyremerkte til driftskreditt i fiskerinæringa. Ei slik ramme stemmer overens med Stortinget sin intensjon med tilleggsloyvinga på 50 mill. kroner, noko som gjev ein tapsprosent på 25.

Statens nærings- og distriktsutviklingsfond fekk opphæveleg ei garantiramme for nye tilsegner i 2003 på 40 mill. kroner, innafor ei totalramme for nye tilsegner og gamalt ansvar på 100 mill. kroner. Det er nødvendig med ei formalisering av vedtaket om å auke garantiramma.

SND meiner det kan bli vanskeleg å utnytte heile den øyremerkte delen av tapsfondet i 2003. Departementet fremmer derfor forslag om å auke garantiramma for lån til realinvesteringar og driftskapital med 75 mill. kroner for 2003, frå 40 til 115 mill. kroner, jf. Forslag til vedtak III. Samstundes som ein aukar garantiramma, kan ein redusere løyvinga under kap. 2420 post 55 knytt til tapsfondet for ordninga. Med ei garantiramme på 75 mill. kroner og ein tapsprosent på 25 vart nødvendig tapsavsetning på 18,75 mill. kroner. Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om å redusere tapsfondet knytt til driftskreditt i fiskerinæringa med 31,25 mill. kroner for 2003, frå 50 til 18,75 mill. kroner. Departementet har gjort framlegg om at det reduserte beløpet blir løyvd på nytt for 2004 slik at resten av garantiramma kan verte utnytta da.

Som følge av endringane under punkt a og b over gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å auke løyvinga under kap. 2420 post 55 med netto 68,75 mill. kroner (100 - 31,25 mill. kroner) for 2003, frå 228 til 296,75 mill. kroner.

Departementet gjer vidare framlegg om å auke løyvinga under kap. 2420 Statens nærings- og distrikts-

utviklingsfond post 70 Administrasjon med 10 mill. kroner, frå 170,5 til 180,5 mill. kroner på statsbudsjettet for 2003.

Ein viser til omtale av tapa i SND under post 55 over. Ut frå dette gjer Nærings- og handelsdepartementet også framlegg om ei tilleggsloyving på 27 mill. kroner på post 76 Tilskot til dekking av tap på lågrisikolån, som eit første steg i å styrke eigenkapitalen under lågrisikolåneordninga. Samanlikna med saldert budsjett for 2003 gjer Nærings- og handelsdepartementet vidare framlegg om å redusere løyvinga til innlån til SND si risikolåneordning under kap. 2420 post 91 med 1 mrd. kroner, frå 5 til 4 mrd. kroner.

Fordi det har trekt ut med godkjenning av ordninga, vil det truleg ikkje vere mogleg for SND å gjennomføre forsvaret sakshandsaming og nytte ramma under post 96 Lån til distriktsretta ordning fullt ut i 2003. Ein gjer derfor framlegg om å gjere låneramma overførbar, slik at ordninga òg kan nyttast seinare år, jf. Forslag til vedtak IV.

Kap. 2426 SIVA (jf. kap. 3961 og 5609)

Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg for å ta omsyn til refinansieringsbehovet til SIVA, og auke løyvinga med 85 mill. kroner under kap. 2426 post 90 Lån, frå 100 til 185 mill. kroner. Innlånsramma for SIVA vil framleis vere på 970 mill. kroner.

Kap. 3900 Nærings- og handelsdepartementet (jf. kap. 900)

Nærings- og handelsdepartementet gjennomfører eit program med sal av gamle beredskapslager. I 2003 vart det budsjettert med eit sal på 4,7 mill. kroner, men rekneskapen viser at inntektene i 2003 vil verte på om lag 5,3 mill. kroner. Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om ei meirinntektsfullmakt knytt til kap. 3900 post 1 Driftsutgifter, mot fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 900 post 1, jf. Forslag til vedtak II.

Kap. 3904 Brønnøysundregistra (jf. kap. 904)

Prognoser frå Brønnøysundregistra viser ein inntektsauke på om lag 22 mill. kroner som er knytt til Lausøyreregisteret. På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å auke løyvinga under kap. 3904 post 1 Gebyrinntekter med 22 mill. kroner, frå 413 til 435 mill. kroner.

Kap. 3907 Sjøfartsdirektoratet (jf. kap. 907)

Post 1 Gebyr for skip og offshoreinstallasjonar i NOR, og Post 4 Gebyr for skip i NIS

Rekneskapen for første halvår og utviklinga utover sommaren og hausten indikerer at det vil bli ein svikt i gebyrinntektene på om lag 5 mill. kroner både for NOR- og NIS-registrerte skip. På dette grunnlaget og ut frå kravet om realistisk budsjettering gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å redusere inntektsloyvingane under kap. 3907 post 1 med 5 mill. kroner, frå 101,5 til 96,5 mill. kroner og under post 4 med 5 mill. kroner, frå 44,8 til 39,8 mill. kroner.

Kap. 3950 Forvaltning av statleg eigarskap (jf. kap. 950)

Post 80 (ny) Sal av aksjar i SND Invest AS

Post 90 Sal av aksjar

Omfanget av statlege aksjesal har vore omfattande i 2003.

Nærings- og handelsdepartementet gjekk i mai 2003 inn i ein avtale med NCM om sal av dei attverande aksjane i A/S Olivin. Inntekta frå salet av A/S Olivin vart om lag 345,3 mill. kroner. Vidare selde Nærings- og handelsdepartementet aksjane i SND Invest AS til Four Seasons Venture IV AS for 549,8 mill. kroner. NHD gjer framlegg om at til saman 480,9 mill. kroner løyvast under postane 80 og 90 på statsbudsjettet for 2003.

Samla inntekt frå salet av aksjer i Telenor ASA vart 8 082,15 mill. kroner. Av samla salssum på 8 750,6 mill. kroner under post 90 er 10 mill. kroner dekt av løyving i saldert budsjett for 2003. På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å auke løyvinga under kap. 3950 post 90 med 8 740,6 mill. kroner, frå 10 til 8 750,6 mill. kroner på statsbudsjettet for 2003.

Kap. 5320 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (jf. kap. 2420)

Post 91 Avdrag på uteståande fordringar, risikolåneordninga

Ein viser til omtale ovanfor under kap. 2420 for SND sine innlansordningar. Som følgje av lågare innlansbehov enn forventa, gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å redusere løyvinga til avdrag frå SND si risikolåneordning under kap. 5320 post 91 med 885 mill. kroner, frå 5 til 4,115 mrd. kroner.

Kap. 5326 SIVA SF

Post 95 Innskotskapital Argentum AS

Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 5326 post 95 Innskotskapital Argentum AS med 1 225 mill. kroner, frå 1 225 mill. kroner til 0, i samband med at overføringa av eigarskapet i Argentum AS frå SIVA til Nærings- og handelsdepartementet vert utsett frå 2003 til 2004.

Kap. 5609 Renter og provisjonar frå selskap under NHD si forvaltning (jf. kap. 2426 og 3961)

Ein viser til omtale ovanfor under kap. 2426 for SIVA si låneordning. Som følgje av faktiske renteinnbetalningar og prognose for resten av året er det grunnlag for å justere ned renteinntektsløyvingane. Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga til post 80 Renter, SIVA SF, med 10,5 mill. kroner frå 53,9 til 43,4 mill. kroner.

Våren 2003 vart BaneTele AS refinansiert, og statslånet til BaneTele AS på 209 mill. kroner vart omdanna til eit ansvarleg VPS-registrert obligasjonslån. Etter 1. april 2003 vil påløpte renter bli lagt til lånet. På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om at innbetalte renter til statskassa i perioden 1. januar til 31. mars 2003, som utgjer 4,65 mill.

kroner, vert løyvd under kap. 5609, ny post 83 Renter, BaneTele AS på statsbudsjettet for 2003.

Kap. 5620 Renter og utbyte frå Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (jf. kap. 2420)

Som følgje av faktiske renteinnbetalningar og prognosar for resten av året er det grunnlag for å justere ned renteinntektsløyvingane. Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om at renteinntekta frå innlån til risikolåneordninga under kap. 5620 post 81 Renter, risikolåneordninga reduserast med 21 mill. kroner, frå 150 til 129 mill. kroner. Vidare gjer departementet framlegg om å redusere renteinntektene frå innlån til lågrisikolåneordninga under kap. 5620 post 86 Renter, lågrisikolåneordninga med 68 mill. kroner, frå 700 til 632 mill. kroner.

MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, leiaren Olav Akselsen, Bendiks H. Arnesen, Grethe Fossli og Aud Gaundal, frå Høgre, Ivar Kristiansen, Michael Momyr og Erlend Nornes, frå Framstegspartiet, Øystein Hedstrøm og Lodve Solholm, frå Sosialistisk Venstreparti, Åsa Elvik og Inge Ryan, frå Kristeleg Folkeparti, Rigmor Andersen Eide og Olaf Gjedrem, og frå Senterpartiet, Odd Roger Enoksen, har merka seg at departementet har kome med framlegg om relativt store endringar i budsjettet for Nærings- og handelsdepartementet for 2003. Komiteen ser på dei fleste endringane som tekniske, eller som resultat av tidlegare vedtak. Komiteen viser også til at fleire av endringane skuldast valuta-kursendringar.

Komiteen er samd i at Nærings- og handelsdepartementet i 2003 kan overskride visse løyvingar, mot tilsvarende meirinntekt under andre inntektspostar.

Vidare aksepterer komiteen at Nærings- og handelsdepartementet i 2003 kan gje Statens nærings- og distriktsutviklingsfond fullmakt til å gje tilsegner om nye garantiar for inntil 115 mill. kroner, av dette 75 mill. kroner til driftskreditt i fiskeindustrien, men slik at totalramma for nytt og gammalt ansvar ikkje overstig 175 mill. kroner.

Komiteen meiner også at løyvinga under kap. 2420 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond post 96 Lån til distriktsretta ordning kan gjerast overførbar ved tilføyning av stikkordet "kan overførast".

Kap. 950 Forvaltning av statleg eigarskap

Post 91 (Ny) Statkraft SF, tilførsel av egenkapital

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, vil visa til at Stortinget den 18. juni 2003, jf. Innst. S. nr. 289 (2002-2003) vedtok å be Regjeringa seinast i samband med statsbudsjettet for 2004 å tilføra ny egenkapital for å styrka Statkraft. Dette vedtaket er ikkje følgt opp av Regjeringa.

Det er over eitt år sidan Statkraft bad om kapitalpåfylling. Selskapet har enno ikkje fått svar på den søknaden. Det hastar no med ei avklaring på dette spørsmålet.

Fleirtalet syner til at Regjeringa våren 2002 varsla at ho ville koma til Stortinget med ei eiga sak om Statkraft, jf. St.meld. nr. 22 (2001-2002):

"Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget i løpet av 2002 med en gjennomgang av utviklingen i Statkraft og næringen for øvrig, jf. Innst. S. nr. 200 (2000-2001), jf. også St.prp. nr. 1 (2001-2002), fra Olje- og energidepartementet."

Snart 2 år seinare er denne saka enno ikkje komen.

Stortinget har tidlegare dratt opp retningslinjer og vedteke strategi for Statkraft. Bortfall av statsgaranti og brot med vedteken utbyttepolitikk for selskapet har sett selskapet i ein situasjon der ein ikkje kan følgja opp Stortinget sine vedtak.

Ein del av motivasjonen bak vedtaket den 18. juni 2003 var Oslo kommune sine planar om sal av aksjane sine i Hafslund ASA. Desse aksjane er per i dag ikkje til sals. Fleirtalet har òg merka seg at Regjeringa har varsla at ein skal koma til Stortinget med ei heilskapleg sak om Statkraft. Eigenkapitalsituasjonen til selskapet vil vera ein del av den saka.

For å gjera selskapet i stand til å ta vare på den strategien Stortinget tidlegare har dratt opp, vil fleirtalet løyva 4 mrd. kroner no. Desse partia vil koma tilbake til spørsmålet om ytterlegare styrking av eigenkapitalen i samband med handsaminga av den varsla saka om Statkraft.

Fleirtalet meiner at delar av den nye kapitalen må brukast til investeringar i ny fornybar produksjon i

Fleirtalet fremmer fylgjande forslag:

"I

I statsbudsjettet for 2003 vert det gjort fylgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
950	91 (ny)	Tilførsel egenkapital Statkraft SF, vert løyvd med	4 000 000 000"

II

Stortinget ber Regjeringa leggja til rette for at også andre offentlege eigarar kan kjøpa når norske kraftressursar vert til sals. Regjeringa må også greie ut Statkraft sin struktur og kva som må gjerast for å sikre offentlig eigarskap og investeringar i ny fornybar energiproduksjon."

Medlemene i komiteen frå Høgre og Kristeleg Folkeparti meiner at løyvingar og kapitaltilførsel av ein slik storleik bør underleggjast ei grundig sakshandsaming som inkluderer vurderingar av selskapet sin eigenkapital, kapitalstruktur og framtidige strategi. Desse medlemene viser til at Regjeringa arbeider med sentrale spørsmål i denne samanhengen, som til dømes handsaminga av heimfall, konkurransen i kraftmarknaden og ESA si haldning til

Noreg, og strekar under verdien av at Statkraft fortsatt skal vere eit miljøvennleg selskap. Fleirtalet vil òg streke under at Statkraft må vere 100 pst. statleg eigd, og at dagens foretaksmodell er ein god organisasjonsform. Det er viktig at Noreg har ein strategi for å sikre nasjonalt eigarskap til kraftressursane. Fleirtalet meiner difor at det er viktig at også andre offentlege eigarar enn Statkraft vert sette i stand til å kjøpe når kraftressursar er til sals.

Fleirtalet viser til Innst. S. nr. 200 (2000-2001) Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om tilføring av innskuddskapital og økt låne- og garantiramme for Statkraft SF:

"Flertallet viser til St.prp. nr. 1 (1999-2000) for Olje- og energidepartementet der det vises til at det er viktig å ha et sterkt Statkraft for å møte konkurransen fra store internasjonale selskaper. Der heter det også at:

"Statkraft bør kunne bidra sterkt til forvaltningen av offentlig kapital, sikre norsk offentlig eierskap og opprettholde vannkraftkompetansen."

Et annet flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, viser til at i henhold til retningslinjer gitt til selskapet er det styret og foretakets ledelse som på forretningsmessig grunnlag bør foreta investeringsbeslutninger. Dette flertallet mener det er nødvendig å gi Statkraft økte ressurser for å kunne oppfylle de målsettinger Stortinget har trukket opp.

Dette flertallet viser til at Statkrafts eierstruktur, og hjemfalls- og konsesjonslovgivningen, ligger fast. Dette flertallet viser videre til at Statkrafts oppkjøpspolitikk skal iverksettes i henhold til vedtatte retningslinjer.

Ved å tilføre Statkraft kapital legges det til rette for fortsatt betydelig offentlig eierskap over norsk vannkraft i en situasjon hvor kommuner og fylkeskommuner selger seg ut."

om Noreg held seg innanfor EØS-avtala på desse områda. Desse medlemene viser til at Regjeringa på denne bakgrunnen vil koma med framlegg til Stortinget i vårsesjonen 2004.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til anmodningsvedtaket ved behandlingen av Dokument nr. 8:114 (2002-2003) og Innst. S. nr. 289 (2002-2003). 18. juni 2003 der Regjeringa ble pålagt, senest i forbindelse med statsbudsjettet for 2004, å tilføre Statkraft 10 mrd. kroner i ny egenkapital for å styrke selskapet. Disse medlemmer registrerer at Regjeringa ikke har fulgt opp pålegget fra Stortinget.

Disse medlemmer minner om at bakgrunnen for Stortingets vedtak om kapitaltilførsel til Statkraft var foretakets sterkt reduserte kredittverdighet på grunn av

at staten hadde gått ut av sitt garantiansvar som følge av lov om statsforetak. Videre har staten som eier tatt ut nesten hele resultatet i utbytte gjennom flere år i tillegg til at foretaket fortsatt er pålagt en rekke sektorpolitiske oppgaver.

Disse medlemmer viser til at bortfallet av statsgarantien stiller Statkraft på linje med andre aktører i kraftbransjen konkurransemessig. Samtidig har selskapets posisjon i forhold til konkurrentene blitt vesentlig svekket gjennom et utbytteuttak i størrelsesorden 95 pst., for øvrig i strid med Stortingets vedtak i 2000 om maksimalt utbytte på 50 pst. Disse medlemmer vil også påpeke at de sektorpolitiske oppgavene Statkraft er pålagt utgjør en vesentlig negativ verdi for foretaket og svekker dets muligheter til å konkurrere på like vilkår med andre aktører.

Disse medlemmer viser til brev datert 18. desember 2002 fra Statkrafts styre til Nærings- og handelsdepartementet i den hensikt å få klarlagt rammebetingelser. Disse medlemmer konstaterer at departementet ennå ikke har fastlagt de nødvendige

rammebetingelser som kan utløse potensialet for fremtidig verdiskapning. Disse medlemmer mener staten må utvise godt eierskap blant annet gjennom forutsigbarhet og gjennom å legge til rette for en kapitalstruktur som er tilpasset selskapets pålagte oppgaver. Derfor haster det å få rammebetingelsene på plass slik at Statkraft kan komme ut av en situasjon preget av usikkerhet og dermed bedre inntjeningsmulighetene på vegne av eierne, det norske folk.

Disse medlemmer legger til grunn at Norge trenger en konkurransedyktig aktør i det nordiske og europeiske kraftmarkedet. Dette er vesentlig, ikke minst for å beholde og videreutvikle norsk kompetanse og norske arbeidsplasser i denne delen av energisektoren. Disse medlemmer minner om at denne sektoren er under meget rask omstrukturering og konsolidering i Norden og Europa. Derfor mener disse medlemmer at Statkraft må gis like vilkår med konkurrentene. Disse medlemmer vil derfor foreslå en styrking av Statkrafts egenkapitalsituasjon.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

"I statsbudsjettet for 2003 gjøres følgende endringer:

Kap.	Post	Formål	Kroner
950	91 (ny)	Tilførsel egenkapital Statkraft SF, bevilges med	10 000 000 000"

FORSLAG FRÅ MINDRETAL

Forslag fra Fremskrittspartiet:

I statsbudsjettet for 2003 gjøres følgende endringer:

Kap.	Post	Formål	Kroner
950	91 (ny)	Tilførsel egenkapital Statkraft SF, bevilges med	10 000 000 000

TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen si innstilling I-IV vert fremma av ein samla komité. Komiteen si innstilling V og VI vert fremma av medlemene frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2003 vert det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter:			
900	70	Nærings- og handelsdepartementet (jf. kap. 3900) Tilskott til internasjonale organisasjonar, blir redusert med	2 000 000
901	1	Styret for det industrielle rettsvern (jf. kap. 3901) Driftsutgifter blir auka med	7 250 000
922	70	Norsk Romsenter (jf. kap. 3922) Tilskot, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	2 800 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
924	71	Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram EU sitt rammeprogram for forskning og teknologi, <i>kan overføres</i> , blir auka med frå kr 247 000 000 til kr 257 400 000	10 400 000
935	92	Internasjonale investeringstiltak Innskott i Den europeiske bank for gjenoppbygging og utvikling (EBRD), blir auka med frå kr 27 350 000 til kr 27 820 000	470 000
940 (nytt)	70	Verdal kommune Tilskott til avskrivning av lån, blir løyvd med	4 970 000
950	21	Forvaltning av statleg eigarskap (jf. 3950 og 5656) Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir auka med	15 000 000
	95	Aksjekapital Agentum AS, blir redusert med..... frå 2 450 000 000 til 1 225 000 000	1 225 000 000
	96(ny)	Aksjar i Venturefondet AS, blir løyvd med	113 100 000
957 (nytt)	90	Grødegaard AS Avskrivning av aksjekapital, blir løyvd med	24 000 000
2420	55	Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (jf. 5320 og 5620) Landsdekkande innovasjonsordning, fond, blir auka med	68 750 000
	70	Administrasjon, blir auka med	10 000 000
	76(ny)	Tilskott til dekking av tap på lågrisikolån, blir løyvd med	27 000 000
	91	Lån til risikolåneordninga, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	1 000 000 000
2426	90	SIVA SF (jf. kap. 3961 og 5609) Lån, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 100 000 000 til kr 185 000 000	85 000 000
Inntekter:			
3901	6(ny)	Styret for det industrielle rettsvern (jf. kap. 901) Ymse inntekter, blir løyvd med	10 000 000
3904	1	Brønnøysundregistra (jf. kap. 904) Gebyrinntekter, blir auka med	22 000 000
3907	1	Sjøfartsdirektoratet (jf. kap. 907) Gebyr for skip og offshoreinstallasjonar i NOR, blir redusert med	5 000 000
	4	Gebyr for skip i NIS, blir redusert med	5 000 000
3950	80(ny)	Forvaltning av statleg eigarskap (jf. kap. 950) Sal av aksjar i SND Invest AS, blir løyvd med	367 800 000
	90	Sal av aksjar, blir auka med	8 740 600 000
5320	91	Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, (jf. kap. 2420) Avdrag på uteståande fordringar, risikolåneordninga, blir redusert med	885 000 000
5326	95	SIVA SF Innskottskapital Argentum AS, blir redusert med	1 225 000 000
5609	80	Renter og provisjonar frå selskap under NHD si forvaltning (jf. kap. 2426 og 3961) Renter, SIVA SF, blir redusert med	10 500 000
	83(ny)	Renter, BaneTele AS, blir løyvd med	4 650 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
5620		Renter og utbytte frå Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (jf. kap. 2420)	
	81	Renter, risikolåneordninga, blir redusert med frå kr 150 000 000 til kr 129 000 000	21 000 000
	86	Renter, lågrisikolåneordninga, blir redusert med frå kr 700 000 000 til kr 632 000 000	68 000 000

II

Meirinnteksfullmakt

Stortinget samtykker i at Nærings- og handelsdepartementet i 2003 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekt under
kap. 900 post 1	kap. 3900 post 1
kap. 900 post 21	kap. 3900 post 2
kap. 914 post 22	nytt kap. 3914 post 1

III

Garantifullmakt

Stortinget samtykker i at Nærings- og handelsdepartementet i 2003 kan gje Statens nærings- og distriktsutviklingsfond fullmakt til å gje tilsegner om nye garantiar for inntil 115 mill. kroner, av dette 75 mill. kroner til driftskreditt i fiskeindustrien, men slik at totalramma for nytt og gammalt ansvar ikkje overstig 175 mill. kroner.

IV

Overførbar løyving

Stortinget samtykker i at løyvinga under kap. 2420 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond post 96 Lån til distriktsretta ordning, vert gjort overførbar ved tilføyning av stikkordet "kan overførast".

V

I statsbudsjettet for 2003 vert det gjort følgjande endring:

Kap.	Post	Formål	Kroner
950	91 (ny)	Tilførsel egenkapital Statkraft SF, vert løyvd med	4 000 000 000

VI

Stortinget ber Regjeringa leggja til rette for at også andre offentlege eigarar kan kjøpa når norske kraftressursar vert til sals. Regjeringa må også greie ut Statkraft sin struktur og kva som må gjerast for å sikre offentleg eigarskap og investeringar i ny fornybar energiproduksjon.

Oslo, i næringskomiteen, den 3. desember 2003

Olav Akselsen
leiar

Erlend Nornes
ordførar